

Kommunedelplan for næring, landbruk og skogbruk i Granvin herad 2013-2016



Innhold

Innleiing	3
Tema for planarbeidet.....	3
Organisering og prosess	4

Innleiing

I planstrategien for Granvin herad 2012-2015 vedtok Granvin heradstyre å starte opp arbeid med ny KDP for næring, landbruk og skogbruk i 2013. I planstrategien vart følgjande trekt fram under pkt 4.5 Næring og arbeidsplassar – tiltak og planbehov:

Plantiltak Gjeldande periode/oppstart

- KDP for næring inkl. Landbruk og Skogbruk 2013-2017
- Oversikt over næringsareal i heradet 2012

Næringsplanen var gjeldande 2007-2010. Her er det behov for ei gjennomgang/revidering. Me har satt dette opp i 2013, for å fokusere på bustadfelt i 2012. Ein kan spørje om det er behov for å inkludera næringsareal i revideringa av arealplanen. Ein vurderer det slik at areal og bygg kanskje er greitt dekkja i planen, men at ein bør sjå på betre utnytting av desse, m.a. ved å opprette og oppdatera ein liste over tilgjengeleg næringsareal inne og ute heradet si på heimesida.

Landbruksplanen var gjeldande 2004-2008, så her er og behov for oppdatering. Under arbeidet med Næringsplanen 2007-2010 vart det påpeika frå fylket at det er ønskeleg med samanheng mellom næring, reiseliv og landbruk. Ein kan leggje til at fokus på tre og treforedling og bør være eit tyngdepunkt her. Med bakgrunn i dette ønskjer ein å starte opp arbeid med ein KDP for næring inkl. Landbruk og skogbruk 2013-2017. Av andre tiltak kan nemnast at Planarbeid med småbåthamn på gang og noko som vil tilføra ny aktivitet til Granvin.

Ein kommunedelplan (KDP) er heimla i plan og bygningslova (plbl) § 11-1. Av § 11-2 følgjer at ein KDP skal ha ein handlingsdel som angir korleis ein følgjer opp tiltaka i planen. Av §§ 11-12 til 11-15 går det fram korleis den formelle prosessen er frå oppstart til vedtak. Mellom anna skal ein KDP ha eit planprogram (jf. plbl § 4-1), dette skal på høyring i minst 6 veker. Planframlegget skal og på høyring i minst 6 veker. Det er heradstyret som vedtek planen.

Tema for planarbeidet

Med samordning av næring, landbruk og skogbruk er det naturleg å fokusera både på spesielle utfordringar innafor kvart område, men like mykje på det som er felles. KDP for næring, landbruk og skogbruk skal byggje ovanpå relevante gjeldande og tidligare kommunale og regionale planar. Her er følgjande:

Økonomiplan 2013-16

Kommuneplanen si Arealdel, 2009-2019

Kommuneplanen si Samfunnsdel, 2005-2017

Kommunedelplan Næring, 2007-2010

Fylkesplan for Hordaland 2005 - 2008 (forlenga inntil den blir avløyst av nye regionale planar)

Framleis berre med planprogram:

Regional plan for attraktive senter i Hordaland - senterstruktur, tenester og handel

Regional næringsplan

Sentralt i arbeidet er å få fram konkrete tiltak som er realistiske å få til innafor planperioden (4 år) og følgje dei vidare inn i økonomiplan og budsjett.

På denne bakgrunn gjer me framlegg om følgjande tema for planarbeidet:

Framlegg til planprogram 30.08.13

- Behov for arbeidstakarar/bedriftar: Pendling, tilrettelegging mm.
- Arealbehov: ute og inne.
- Trebygda Granvin: korleis utvikla aktivitet rundt tremiljøet i Granvin.
- Kai og fjord: Utnytting av potensiale.
- Matproduksjon: attåtning, reiseliv mm.

Organisering og prosess

Arbeidet med KDP for næring, landbruk og skogbruk er tenkt som ein effektiv prosess, der tida mellom vedtak og tiltak skal vera så kort som mogleg. Me ønskjer å ha ein intensiv økt der tyngda av arbeidet med utforming av planframlegg skjer. Konkret er dette tenkt opp mot HS-møtet 06.11.13, det planframlegget vert eigen sak på dette møte. I tillegg er det planlagt eit møte med fylkesmannen, der fokus på utvikling i heradet innafor områda nemnt over står i fokus. For å forenkla koordinering av innspel ser me føre oss at dei tre områder KDP'en dekker kvar vert representert av eit lokalt lag.

- Næring: Granvin næringsforum
- Landbruk: Granvin bondelag
- Skogbruk: Granvin Skogeigarlag/Vestlandske skogeigarlag (Vestskog BA)
- Moelven Granvin bruk er i ein særstilling i det private næringsliv i Granvin – bør eigen representant.
- Granvin herad er samla sett heradet sin største arbeidsgjevar. Det er sentralt med innspel frå einingsleiarar.

I tillegg ønskjer me å invitera fagpersonar til å kome med innlegg om konkrete relevante områder.

Sekretær/administrativ arbeidsgruppa for planarbeidet vert: Ebbe Dam Meinild, Thomas Sjøflot og Olav Seim.

Me føreslår følgjande prosess:

30.08.13	Oppstart av planarbeid og høyring av planprogram, frist for innspel 11.10.13
20.09.13	Møte med fylkesmannen mfl.
04.11.13	Ope arbeidsmøte – ansvar for innhald er dei tre lokale lag + invitasjon av 1-2 fagpersonar
05.11.13	Ope arbeidsmøte – ansvar for innhald er dei tre lokale lag + invitasjon av 1-2 fagpersonar
06.11.13	Heradstyremøte – arbeidsdokument vert lagt fram til diskusjon. Målet er å ferdigstille prinsipp for eit dokument som leggjast på høyring, frist for innspel 20.12.13
2014	Vedtak i første heradsstyremøte i 2014 (dato ikkje fastsett per no)